
Saksnr: 2024/9454-6
Saksbehandlar: Bjørnar Tjøflot

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		24.04.2024
Fylkesutvalet		02.05.2024

Søknad om konsesjon for å regulere Selsvatnet og auke slukeevna i Selselva kraftverk i Sunnfjord kommune**Forslag til innstilling**

- Vestland fylkeskommune ber NVE vektleggje kommunen sin høyringsuttale. Vidare må NVE ikkje fatte vedtak før alle relevante partar har hatt moglegheit til å uttala seg og ev. private forhold er avklara.
- Vestland fylkeskommune er, med bakgrunn i opplysningane i søknaden, positive til auka slukeevne i Selselva kraftverk og regulering av Selsvatnet inntil 1 m.
- Det er viktig at det settast krav om tilstrekkeleg minstevassføring m.o.t. landskapsoppleving og vassmiljø. Fysiske inngrep må reduserast til eit minimum.
- Selsvatnet og Selselva er vurdert å ha god tilstand etter vassforskrifta. I Selselva er det ikkje registrert påverknad frå vasskraft i databasen Vann-Nett. Det er viktig at det vert vurdert om tilstanden vert redusert som følge av tiltaket, og om det i så fall er grunnlag for å gje unntak etter § 12 i vassforskrifta.

Samandrag

Selselva Kraft AS har søkt om konsesjon for å auke produksjonen i Selselva kraftverk gjennom å auke slukeevna og å regulere Selsvatnet med 1 m. NVE har no sendt konsesjonssøknaden for tiltaket, som ligg i Sunnfjord kommune, på høyring. Vestland fylkeskommune er ein viktig høyringsinstans i saka og vedtak i fylkesutvalet sendast som høyringsuttale til NVE.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør**Bård Sandal**
avdelingsdirektør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing


Bakgrunn for saka

Selselva Kraft AS har søkt om konsesjon etter vassresurslova om å regulere Selsvatnet mellom LRV på kote 840 og HRV på kote 841 og å auke slukeevna til kraftverket til 1,3 m³/s. Tiltaket vil i eit middelår auke produksjonen i Selselva kraftverk med 3.3 GWh, til ein utbyggingspris på 2.17 kr/kWh.

Selselva kraftverk fekk konsesjon i 2009 og kraftverket vart sett i drift i 2016. Maskina vart dimensjonert etter gjeldande grenser for grunnrenteskatt på søknadstidspunktet. Produksjonsestimata frå søknadstidspunktet er oppfylte, og eigarane av kraftverket har i den aktive driftsperioden observert eit betydeleg vass tap over inntaksdammen. Eigarane av Selselva Kraft AS har difor konkludert med at potensialet i det aktuelle tilsigsfeltet ikkje er godt nok utnytta, og ønskjer å oppgradere kraftverket for auka produksjonen. Det er gjennomført ei førundersøking som viser at produksjonen med få grep kan aukast. Regulering av Selsvatnet, kombinert med auka turbinslukeevne, ser ut til å vere ei bedriftsøkonomisk gunstig løysing. Samstundes vurderast dette å vere skånsamt mot naturen og omgivnadane. Selsvatnet ligg omlag 600 meter oppstrøms eksisterande inntak.

Skildring av tiltaket

Tiltaket består av tiltak i kraftverket og oppføring av reguleringsdam ved utløpet av Selsvatnet. Reguleringsdammen ved Selsvatnet vert 80 m lang. Planen er at Selsvatnet skal regulerast mellom naturleg vasstand i dag opp 1 m til ny HRV. Dammen skal installerast med arrangement for minstevassføring med planlagt likt vasslepp som inntaket. Eksisterande inntak ligg ikkje heilt oppe ved Selsvatnet. Dette gjer at ein større del av vassdraget regulerast enn i dag. Det er ikkje planlagt nye vegar for å gjennomføre tiltaket.



Figur 1: Nedbørsfelt med plassering av reguleringsdam (henta frå konsesjonssøknad).

Søkjar vurderer at tiltaket sitt bidrag til samla belastning på området er beskjeden sidan det er mange småkraftverk i drift i denne regionen.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse saka jf. fylkeskommunen sitt delegeringsreglement kap. 7. Høyringsuttale og kap. 27. Vassressurslova.

Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involverte i saka.

Vurderingar og verknader

Grunneigarforhold

Det står lite i søknaden om grunneigarforhold utanom at dette er avklara i lagmannsretten. Gjennom kontakt med kommunen og lokalbefolkning har administrasjonen forstått at ikkje alle er samde om at private forhold er avklara likevel. I tillegg har vi fått innspel på at ikkje alle som burde ha vore ein del av høyringa har fått denne med seg. Det er viktig at NVE ikkje fattar vedtak før private forhold er avklara og alle relevante partar har hatt moglegheit til å uttala seg. Vi meiner NVE må leggje vekt på kommunen sitt vedtak sidan kommunen sitt med verdifull lokalkunnskap her.

Fornybar energi

Hovudmålet i Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (fornybarplanen) er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping.

Delmål 1 i fornybarplanen seier at vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar.

Delmål 5 i fornybarplanen seier at vi har stabil og positiv kraftbalanse. Med reguleringshøgde på 1 m vil dette tiltaket bidra noko til dette.

Næring

Tiltaket gjev økonomiske fordeler for utbyggjar og eigarar og knytt til auka energiproduksjon frå 18,7 til 22,0 GWh/år. Kraftverket bidreg til næringsgrunnlag og skatteinntekter.

I tillegg bidreg meir rein energiproduksjon ut på kraftnettet i Vestland til lågare kraftprisar.

Klima

Auka produksjon frå fornybare energikjelder har bidreg til kutta klimagassutslepp i Vestland og Noreg.

Klimatilpassing og flaum

Auka slukeevne bidreg til å redusere flaumtoppane i Selselva. Reguleringa av Selsvatnet bidreg òg til dette viss regulanten planlegg for det i drifta.

Kulturminne og kulturmiljø

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil koma i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Potensial for funn vert vurdert som lågt.

Dersom det kjem fram eventuelle funn ved vidare planlegging og/eller gjennomføring av tiltaket har grunneigar/tiltakshavar plikt til straks å gje Vestland fylkeskommune melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltingsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd.

Fysisk aktivitet og inkludering

Tiltaket ligg i det svært viktige friluftsområdet Blægja, og det nærliggjande turmålet Kvamshesten er svært populært. Selsvatnet er godt synleg frå stien opp til Kvamshesten/Storehesten, og tiltaket kring inntaksdammen (80 meter terskel) vil bli synleg. Dette er også omtala i søknaden. Regulert vasstand på 1 m vil også kunne bli synleg etterkvart frå Storehesten. Området Hestane, som grensar

til Blægja, har stor brukerfrekvens og stor symbolverdi. Det er også høg grad av tilrettelegging for friluftslivet til Storehesten. Det er også ofte besøkt av regionale og nasjonale brukarar.

Området har store geologiske verdiar, og er inkludert i Fjordkysten Regional og Geopark. Det er søkt om Unesco status på parken, og i samband med dette vil det blir sett opp informasjonsskilt om geologiske verdiar opp mot Storehesten, frå parkeringa på Rytnane og ved Skaraly. Område vil kunne få auka besøk i samband med dette, og brukarinteressene omfattar også geologiske verdiar. Dette er ikkje omtala i søknaden.

Retningslinje 18 i fornybarplanen seier at ein ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal stilla krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.

Det vert viktig å halda fysiske synlege inngrep på eit minimum og det bør inn eit vilkår i konsesjonen om at det ikkje skal byggjast nye vegar.

Retningsline 32 i fornybarplanen seier at ein skal vise varsemd ved utforming av ny kraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.

Vassmiljø og fisk

Vi er ikkje kjent med om det er fisk i Selsvatnet og Selselva, men i søknaden står det at vatnet er fisketomt og at elva vert rekna for å vere verdiløus som leveområde for fisk. Vassdraget har uansett verdi for ferskvassorganisamar, og innsjøar utan fisk har ofte ein annan artssamansetnad enn innsjøar med fisk. Det er difor ikkje tillate å setje ut fisk i fisketomme vatn, og det er viktig å ta vare på ferskvassartane i slike økosystem.

Vassføringsregimet vil bli endra på strekninga mellom Selsvatnet og kraftverksinntaket. Dersom det blir variabel tapping frå Selsvatnet vil dette kunne påvirke biologien i Selselva ned til inntaket. Det må difor vere ei tilstrekkeleg minstevassføring på strekninga, og det bør ikkje vere for mykje variabel tapping. Med mindre minstevassføringa dekker det aller meste av elvebotnen vil ei variabel tapping føre til tørrlegge område som vidare vil kunne føre til lågare artsmangfald. Nedre del av Selselva er anadrom, og dersom det blir lagt opp til variabel driftsvassføring må det også vurderast om det kan gje effektar for anadrom fisk.

Den auka slukeemna vil også redusere vassføringa mellom inntaket og utløpet frå kraftverket, og kan såleis påvirke ferskvassorganisamar på strekninga. Her det viktig at minstevassføringa er tilstrekkeleg stor.

Regulering av vatnet vil føre til at det vert eit vandringshinder på utløpet av vatnet for både fisk og andre ferskvassorganisamar. I tillegg kan det bli ei utvaska sone på ein meter (reguleringssone) i strandsona.

Selsvatnet (083-28439-L) og Selselva (083-62-R) er vurdert å ha god tilstand etter vassforskrifta. I Selselva er det ikkje registrert påverknad frå vasskraft i databasen Vann-Nett. Det er viktig at det vert vurdert om tilstanden vert redusert som følgje av tiltaket, og om det i så fall er grunnlag for å gje unntak etter § 12 i vassforskrifta.

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Tiltaket har ingen økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen si verksemd.

Konklusjon

Fylkesdirektøren er positiv til dette tiltaket fordi det gjev ny fornybar energi til låg utbyggingspris. I tillegg vil tiltaket bidra til flaumdemping i vassdraget.

Tiltaket ligg inne i det svært viktige friluftsområde Blægja. Ein må ta omsyn til dette både i anleggsperiode og gjennom utforming av tiltak og vilkår om minstevassføring. Tilstrekkeleg minstevassføring er òg viktig m.o.t. vassmiljøet i elva.

Både Selsvatnet og Selselva har god tilstand etter vassforskrifta. Det er viktig at det vert vurdert om tilstanden vert redusert som følgje av tiltaket, og om det i så fall er grunnlag for å gje unntak etter § 12 i vassforskrifta.